



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer


15.12.2025

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
35-25

Dykkar ref:
25/311403
25/294369
25/294637

35-25 Høring planoppstart Rv15 Strynefjellet og masselagring

Det skal utarbeidast ein kommunedelplan med konsekvensutgreiing for Rv15 Strynefjellet med arm til Geiranger, og målet er få ein ny vintersikker fjellovergang med lang tunnel. Eit løp mot Geiranger blir planlagt mot nordvest frå midten av tunnelen, og dette vil gje heilårleg vegforbindelse frå aust. Planprogrammet er no på [høring](#), med tilhøyrande dokument.



Figur 1. Oversikt over planområdet for ny tunnel Rv15 Strynefjellet med Fv63-arm til Geiranger. Illustrasjon: Statens vegvesen


I arbeidet som no startar, vil ein få fastsett kor tunnelen skal munne ut i Hjelledalen i Stryn, Breiddalen i Skjåk og Opplendskedalen ved Geiranger. Prosjektet er inne i Nasjonal Transportplan 2025-2036 (NTP), med planlagt oppstart i første periode.

Det er også [høyring](#) på val av masselagre i Stryn kommune og Skjåk kommune.

Vurdering:

Nesten heile den europeiske bestanden av villrein finn ein i Norge. Vi har derfor eit spesielt ansvar for å ta vare på og forvalte villreinen slik at også framtidige generasjonar kan oppleve levedyktig bestand av villrein. Reinheimen-Breheimen villreinområde er eit nasjonalt villreinområde og ein del av Europeisk villreinregion. Villrein er oppført som trua art på den globale raudlista og som nær trua på den nasjonale raudlista. Villreinen lever i eit ekstremt miljø og det skal lite til før villreinen blir forstyrra med negative effektar på kondisjon og arealbruk. Reinheimen-Breheimen villreinområde er vurdert til å ha middels kvalitet etter kvalitetsnormen. På lengre sikt er målet god kvalitet. Utgangspunktet for høyringa frå villreinemnda er derfor å legge til rette for at villrein kan få betre tilhøve i staden for å gi løyve til tiltak som kan ha negative konsekvensar for villrein

Rv15 i Breiddalen går tvers igjennom den viktigaste trekkpassasjen mellom Reinheimen og Breheimen. Trekket går nord-sør på strekningen mellom Langvatnet og Breiddalsvatnet slik det er synt i figur 2. Trekket blir brukt gjennom heile året. Nokre km lengre vest er det også eit trekk over Fv63 som er brukt heile året.



Figur 2. Kart over området der det er aktuelt med ny tunnel. I kartet ser ein også kalvingsområde for villrein (brun skravur) og registrerte trekkområder (grøn skravur). Kartet er henta frå naturbase.no.

Villrein unngår veg. På Hardangervidda har ein [dokumentert](#) at villrein stort sett held fleire kilometers avstand til Rv7. Dette fører til tap av beiteareal og barriere for vandring. Med aukande trafikk på Rv15 i Breiddalen vil ein truleg oppleve at villrein også i dette området får større vegring for å krysse Rv15 utan at det blir gjort tiltak.

Moglegheit til vandring over større område er viktig for villrein. Syklisk arealbruk både gjennom året og også over lengre tidsperiodar (opptil fleire tiår) gjer villrein svært arealkrevjande. Redusert moglegheit til vandring gir isolerte bestandar med låg genetisk variasjon. For villrein er vandring også svaret på endringar i livsmiljø, t.d. endra klima med meir ising av lavbeite vinterstid, nedsmelting av snøfonner sommarstid, tilgang på reserveareal om eit område blir nedbeita eller trekke til område med mindre parasittbelastning.

Med tanke på villrein vil ei lengre tunnelloysing vera positivt ved å skjerme villrein mot forstyrring frå trafikk. Alternativ B3 i Breiddalen (lengst aust) er derfor best. Det er også viktig å sjå på kva ein skal gjere med den eksisterande Rv15 der den blir erstatta av tunell. For villrein ville det beste ha vore om den vart fjerna. Dersom den framleis skal vera der bør den få redusert hastigheit, og det bør vera få eller ingen moglegheiter til å parkere og campe langs med vegen. Menneske som oppheld seg langs med vegen i lang tid kan gi villrein vegring mot å krysse i Breiddalen. Det bør også vera avgrensa opningstid på vegen. Kort opningstid gir kortare periode med forstyrring. Brøyting bør vel t.d. vera lite aktuelt på den strekningen som har alternativ veg.

Langs med Fv63 frå Geirangerkrysset og vestover er det også utfordringar med parkering og camping. Spesielt i trekkområdet ved Kolbeinsreset. Her bør ein gjere tiltak for å redusere moglegheitene til parkering og camping.

Når det gjeld masselagring er det ynskjeleg å unngå store masselagre i villreinområdet generelt og i funksjonsområda spesielt. Til dømes er det avgjerande at ein unngår masselagre i eller like ved trekkpassasjen i Breiddalen. For villrein hadde det truleg vore best om masselagra vart plassert under tregrensa. Det vil truleg bli mye aktivitet og forstyrring ved eit masselager, særleg om massane skal bli brukt opp att.

Vurdering av masselagringsområde i Skjåk iht villrein:

1-1, 1-2 og 1-3: Ligg i trekkpassasjen for villrein. Negativ.

1-4 og 1-5: Ligg utanom det som er rekna som villreinområde, men likevel relativt nærme område som villrein ofte nyttar. Nøytral.

1-6: Ligg innafor villreinområdet. Dei siste åra har det vore observert villrein her ved fleire høve. Negativ.

2-1: Det er lagra masser frå tidlegare her (kraftutbygging). Ligg utanom det som er rekna som villreinområde, men likevel relativt nærme funksjonsområde for villrein. Nøytral.

Område 3, 4, 5 og 6 ligg alle godt utanom villreinområdet og er aktuelle masselagre iht villrein.

Vurdering av masselagringsområde i Stryn iht villrein:

1-2, 1-3, 1-5, 1-6 (Grasdalstunellen Aust), 1,7 og 1,8: Ligg i barmarksbeite for villrein. Det er jamlege rapportar om villrein som har brukt Grasdalen som sommarbeite. Negativ.

1-1, 1-6 (Grasdalstunellen) og 1-10 til 1-24: Ligg utanom villreinområdet eller inne i tunell og er aktuelle masselagre iht villrein.

Eit anna viktig moment er utforming og plassering av riggområde. Sjølv om desse ikkje er permanente er det uheldig om villrein blir unødig forstyrra i anleggsperioden. Ikkje minst gjeld dette område for omlasting av massar før det blir køyrd til lagring. Plassering av slike område bør derfor vera i størst mogleg avstand til funksjonsområde for villrein.

Innstilling:

Same som vurderinga.

Behandling


Saka sendt ut på e-post 05.01.26 med frist ei veke for å kome med innspel.

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Nesten heile den europeiske bestanden av villrein finn ein i Norge. Vi har derfor eit spesielt ansvar for å ta vare på og forvalte villreinen slik at også framtidige generasjonar kan oppleve levedyktig bestand av villrein. Reinheimen-Breheimen villreinområde er eit nasjonalt villreinområde og ein del av Europeisk villreinregion. Villrein er oppført som trua art på den globale raudlista og som nær trua på den nasjonale raudlista. Villreinen lever i eit ekstremt miljø og det skal lite til før villreinen blir forstyrra med negative effektar på kondisjon og arealbruk. Reinheimen-Breheimen villreinområde er vurdert til å ha middels kvalitet etter kvalitetsnormen. På lengre sikt er målet god kvalitet. Utgangspunktet for høyringa frå villreinnemnda er derfor å legge til rette for at villrein kan få betre tilhøve i staden for å gi løyve til tiltak som kan ha negative konsekvensar for villrein

Rv15 i Breiddalen går tvers igjennom den viktigaste trekkpassasjen mellom Reinheimen og Breheimen. Trekket går nord-sør på strekningen mellom Langvatnet og Breiddalsvatnet slik det er synt i figur 2. Trekket blir brukt gjennom heile året. Nokre km lengre vest er det også eit trekk over Fv63 som er brukt heile året.



Figur 2. Kart over området der det er aktuelt med ny tunnel. I kartet ser ein også kalvingsområde for villrein (brun skravur) og registrerte trekkområder (grøn skravur). Kartet er henta frå naturbase.no.

Villrein unngår veg. På Hardangervidda har ein [dokumentert](#) at villrein stort sett held fleire kilometers avstand til Rv7. Dette fører til tap av beiteareal og barriere for vandring. Med aukande trafikk på Rv15 i Breiddalen vil ein truleg oppleve at villrein også i dette området får større vegring for å krysse Rv15 utan at det blir gjort tiltak.

Moglegheit til vandring over større område er viktig for villrein. Syklisk arealbruk både gjennom året og også over lengre tidsperiodar (opptil fleire tiår) gjer villrein svært arealkrevjande. Redusert moglegheit til vandring gir isolerte bestandar med låg genetisk variasjon. For villrein er vandring også svaret på endringar i livsmiljø, t.d. endra klima med meir ising av lavbeite vinterstid, nedsmelting av snøfonner sommarstid, tilgang på reserveareal om eit område blir nedbeita eller trekke til område med mindre parasittbelastning.

Med tanke på villrein vil ei lengre tunnelloysing vera positivt ved å skjerme villrein mot forstyrring frå trafikk. Alternativ B3 i Breiddalen (lengst aust) er derfor best. Det er også viktig å sjå på kva ein skal gjere med den eksisterande Rv15 der den blir erstatta av tunell. For villrein ville det beste ha vore om den vart fjerna. Dersom den framleis skal vera der bør den få redusert hastigheit, og det bør vera få eller ingen moglegheiter til å parkere og campe langs med vegen. Menneske som oppheld seg langs med vegen i lang tid kan gi villrein vegring mot å krysse i Breiddalen. Det bør også vera avgrensa opningstid på vegen. Kort opningstid gir kortare periode med forstyrring. Brøyting bør vel t.d. vera lite aktuelt på den strekningen som har alternativ veg.

Langs med Fv63 frå Geirangerkrysset og vestover er det også utfordringar med parkering og camping. Spesielt i trekkområdet ved Kolbeinsreset. Her bør ein gjere tiltak for å redusere moglegheitene til parkering og camping.

Når det gjeld masselagring er det ynskjeleg å unngå store masselagre i villreinområdet generelt og i funksjonsområda spesielt. Til dømes er det avgjerande at ein unngår masselagre i eller like ved trekkpassasjen i Breiddalen. For villrein hadde det truleg vore best om masselagra vart plassert under tregrensa. Det vil truleg bli mye aktivitet og forstyrning ved eit masselager, særleg om massane skal bli brukt opp att.

Vurdering av masselagringsområde i Skjåk iht villrein:

1-1, 1-2 og 1-3: Ligg i trekkpassasjen for villrein. Negativ.

1-4 og 1-5: Ligg utanom det som er rekna som villreinområde, men likevel relativt nærme område som villrein ofte nyttar. Nøytral.

1-6: Ligg innafor villreinområdet. Dei siste åra har det vore observert villrein her ved fleire høve. Negativ.

2-1: Det er lagra masser frå tidlegare her (kraftutbygging). Ligg utanom det som er rekna som villreinområde, men likevel relativt nærme funksjonsområde for villrein. Nøytral.

Område 3, 4, 5 og 6 ligg alle godt utanom villreinområdet og er aktuelle masselagre iht villrein.

Vurdering av masselagringsområde i Stryn iht villrein:

1-2, 1-3, 1-5, 1-6 (Grasdalsstunellen Aust), 1,7 og 1,8: Ligg i barmarksbeite for villrein. Det er jamlege rapportar om villrein som har brukt Grasdalen som sommarbeite. Negativ.

1-1, 1-6 (Grasdalsstunellen) og 1-10 til 1-24: Ligg utanom villreinområdet eller inne i tunell og er aktuelle masselagre iht villrein.

Eit anna viktig moment er utforming og plassering av riggområde. Sjølv om desse ikkje er permanente er det uheldig om villrein blir unødig forstyrra i anleggsperioden. Ikkje minst gjeld dette område for omlasting av massar før det blir køyrd til lagring. Plassering av slike område bør derfor vera i størst mogleg avstand til funksjonsområde for villrein.

Helsing

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær